

Eksamen

20.05.2020

NAB3001 Naturforvaltning

Programområde: Studieforbereidende Vg3 Naturbruk

Nynorsk

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timar.
Hjelpemiddel	Alle hjelpemiddel er tillatne, med unntak av ope Internett, samskriving, chat og andre moglegheiter for å kunne utveksle informasjon med andre.
Bruk av kjelder	Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal du alltid føre dei opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei. Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.
Vedlegg	Ingen
Informasjon om vurderinga	Du må meistre faguttrykk og vise forståing for faget. Du må nytte kunnskap og vise evne til refleksjon.

Oppgave 1

Hengemyra er ei stor myr som er delvis jordvasspåverka. På myra ligg Salamandertjønna, som er ei lita, grunn tjørn.

Investorar har, etter lovnader om arbeidsplassar, fått med seg kommunen og ønsker å drenere heile området og omregulere det til industriformål. Fylkesmannen er skeptisk til dette sidan myr er ein naturtype i tilbakegang. I Salamandertjønna er det dessutan funne raudlista amfibium, fuglar og insekt.

Området er også eit populært turområde for lokalbefolkninga.

Det blir vedteke å konsekvensutgreie inngrepet, og du får oppdraget.

Oppdragsgivarane ønsker at du skal granske desse temaa:

- a. Kartlegginga av Hengemyra – korleis bør ho gjennomførast, og kva burde ein legge vekt på i kartlegginga?
- b. Kva for nokre konsekvensar vil ei full nedbygging av myra kunne få?
- c. Skisser interessekonfliktar, og kom med forslag til korleis dei kan løysast.
- d. Kva blir konklusjonen din? Grunngi svaret.

Legg gjerne inn meir detaljerte beskrivingar av Hengemyra og Salamandertjønna dersom du meiner at det gjer svaret meir komplett.

Oppgave 2

Ta utgangspunkt i eit valfritt geografisk område, og tenk deg at du tek over ein eigedom i dette området, der det ikkje har vore landbruksdrift på mange år. På eigedommen er det eit bustadhus i god stand, stor løe frå 1960, lagerbygg frå 1970 og eldre bygg av kulturhistorisk verdi i dårleg stand. Det er lite med landbruksmaskiner som er i brukbar stand. Eigedommen har godt jaktterreng for småvilt og rettar til storviltjakt. Eigedommen ligg like ved ein regional tettstad med flyplass.

Delar av eigedommen er del av eit landskapsvernområde. På eigedommen din er det registrert fleire artar som er på raudlista.

Du skal no svare på oppgåver der du tek utgangspunkt i informasjon over. Dersom du meiner det manglar viktig informasjon, må du sjølv beskrive kva for nokre føresetnader du legg til grunn.

Oppgåver:

- a. Kva for nokre trendar og utviklingstrekk ser du innan naturbasert næringsutvikling i Noreg?
- b. Presenter ein kreativ, men realistisk forretningsidé basert på naturbaserte ressursar med utgangspunkt i eigedommen.
- c. Kva meiner du er viktig for å lykkast med forretningsideen du har presentert?
- d. På kva for nokre måtar kan det vere konflikt mellom dine interesser for næringsutvikling og verneinteressene i området?
- e. Kva kan ein gjere for å legge til rette for at ulike brukarinteresser i området kan samordnast?

Bokmål

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timer.
Hjelpemidler	Alle hjelpemiddel er tillatt, unntatt åpent Internett, samskriving, chat og andre muligheter for å kunne utveksle informasjon med andre.
Bruk av kilder	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal du alltid oppgi dem på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Vedlegg	Ingen
Informasjon om vurderingen	Du må beherske faguttrykk og vise forståelse for faget. Du må anvende kunnskap og vise evne til refleksjon.

Oppgave 1

Hengemyra er en stor myr som er delvis jordvannspåvirket. På myra ligger Salamandertjønnna, som er et lite, grunt tjern.

Investorer har, etter lovnader om arbeidsplasser, fått med seg kommunen og ønsker å drenere hele området og omregulere det til industriformål. Fylkesmannen er skeptisk til dette siden myr er en naturtype i tilbakegang. I Salamandertjønnna er det dessuten funnet rødlistede amfibier, fugler og insekter.

Området er også et populært turområde for lokalbefolkningen.

Det vedtas at inngrepet skal konsekvensutredes, og du får oppdraget.

Oppdragsgiverne ønsker at du skal belyse følgende tema:

- a. Kartlegging av Hengemyra – hvordan bør den gjennomføres, og hva burde man legge vekt på i kartleggingen?
- b. Hvilke konsekvenser vil en full nedbygging av myra kunne få?
- c. Skisser interessekonflikter, og kom med forslag til hvordan de kan løses.
- d. Hva blir din konklusjon? Begrunn svaret.

Legg gjerne inn mer detaljerte beskrivelser av Hengemyra og Salamandertjønnna dersom du mener at det gjør besvarelsen mer komplett.

Oppgave 2



Ta utgangspunkt i et valgfritt geografisk område, og tenk deg at du overtar en eiendom i dette området, der det ikke har vært landbruksdrift på mange år. På eiendommen er det et bolighus i god stand, stor låve fra 1960, lagerbygg fra 1970 og eldre bygg av kulturhistorisk verdi i dårlig stand. Det er lite med landbruksmaskiner som er i brukbar stand. Eiendommen har godt jaktterreng for småvilt og rettigheter til storviltjakt. Eiendommen ligger like ved et regionalt tettsted med flyplass.

Deler av eiendommen er del av et landskapsvernområde. På eiendommen din er det registrert flere arter som er på rødlisten.

Du skal nå svare på oppgaver der du tar utgangspunkt i informasjon over. Dersom du mener det mangler viktig informasjon, må du selv beskrive hvilke forutsetninger du legger til grunn.

Oppgaver:

- a. Hvilke trender og utviklingstrekk ser du innen naturbasert næringsutvikling i Norge?
- b. Presenter en kreativ, men realistisk forretningsidé basert på naturbaserte ressurser med utgangspunkt i eiendommen.
- c. Hva mener du er viktig for å lykkes med forretningsideen du har presentert?
- d. På hvilke måter kan det være konflikt mellom dine interesser for næringsutvikling og verneinteressene i området?
- e. Hva kan man gjøre for å legge til rette for at ulike brukerinteresser i området kan samordnes?



www.vigoiks.no/eksamen